

## **Markering av forbod mot konverteringsterapi - 7. desember 2023**

Først av alt vil eg gratulere alle skeive med lova som er vedtatt i dag. Lova mot konverteringsterapi er ei helsing til alle dei som er påført skam for seksualiteten eller identiteten sin.

Lova seier: Kom ut av skamma, kom ut av fornektinga av deg sjølv, ta imot bodskapen om at du er god nok som du er.

Lova sin *bokstav* snakkar om kva som er ulovleg, og set opp straff for dei som krenkjer andre.

Men lova si *ånd* er eit vern for menneskeverd og menneskerettar for alle som kjenner seg usikre på sitt eige verd, som ikkje vågar å være opne om eigen seksualitet, - alle som tvilar på si eiga gudstru.

Difor er lova viktigare enn berre for dei som blir direkte råka av henne, ho sender eit signal til heile samfunnet.

Så sender ho også eit signal til kristne og andre religiøse samfunn.

Det gjer vondt å vite at fleire av dei som fortalte at dei har vorte utsette for påverknad om å forandre seksuell orientering eller kjønnsidentitet har opplevd dette i kristne miljø.

Denne påverknaden er gjort i Guds namn og med bruk av Bibelen. Difor slår han også så hardt.

Trua på Gud rører ved det inste i identiteten,

det gjer også seksualiteten i opplevinga av kven vi er.

Å oppleva å ikkje vere akseptert av Gud som skeiv, set difor heile identiteten på spel.

Difor er det avgjerande for Den norske kyrkja å gje støtte til alle skeive som strevar med eigen seksualitet. Dette set krav til den praksisen kyrkja har med samtale og sjelesorg, særleg med unge. Her høyrer også samtaler om kjønn og seksualitet sjølvsagt med. Då er det viktig at samtalene er open og prega av respekt

og kan gje støtte til skeiv identitet.

Bodskapen må vere at kvart einaste menneske er skapt i Guds bilete og har ein ukrenkeleg verdi. Seksuell orientering og kjønnsidentitet er sjølvsagt ein integrert del av dette, og kan ikkje skiljast ut frå kva det er å vera menneske.

Denne lova er den siste av ei lang rekke lover som opphevar diskriminering og gir like rettar til skeive,

heilt frå 1972 og til i dag. Kyrkja har ikkje ei stolt historie i mange av desse åra, ho har ofte kombinert bodskapen om at alle er skapt i Guds bilet med diskriminering av skeive.

Eg håpar at når Den norske kyrkja no støtter denne lova om forbod mot konverteringsterapi vil ho gjere det ho kan for at skeive kan verta trygge i si gudstru med alle sider av livet sitt.

Oslo biskop, Kari Veiteberg